



Dette skuleåret har skulen i Uskedalen 111 elevar og her er dei fleste av dei samla under julefesten (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Uskedalen Utvikling har i si fråsegn om endring av skulestrukturen rådd til ei samanslåing av skulane i Bringedalsbygda og Uskedalen. UU meiner det vil skapa vokster pedagogisk og næringsmessig i begge bygder og gjera dei meir attraktive slik at resultatet vert tilflytting og auka folketal.

Uskedal Utvikling held fram at fråsegna ikkje skal oppfattast som eit partsinnlegg om nedleggjing av skulen i Bringedalsbygda.

Det handlar om å leggja til rette for eit elevgrunnlag for å utvikla og skapa ein god skule. Utgreiinga om skulestrukturen syner at ein samla skule med omlag 180 elevar fordelt på 9 klassar vil gje skulen eit løft og eit handlingsrom som sikrar viktige prinsipp for nærskulen og kva som er best for borna sosialt og pedagogisk. Forskning syner at eit elevtal rundt 200 er ideelt med omsyn til sosial utvikling og eit inspirerande fagmiljø i personalet

Styret legg også vekt på andre faktorar, som at ein utbygd og renovert Uskedal skule i 2015 vil ha tilstrekkeleg areal for ein samla skule. Dessutan er Uskedal skule ein nærskule for elevane frå Bringedalsbygda krins.

Reisetida mellom bygdene er mellom 10 og 15 minuttar slik den er for elevar som alt i dag har skuleskyss frå Ljosnes, Haugland, Musland og Friheim.

UU peikar vidare på at elevtalet ved ei samanslåing syner eit stabilt tal over fleire år. Det vil vera ein føremøn i høve til planlegging, utvikling og det å rekruttera gode lærarkrefter.

Eit ytterlegare moment er at det to bygdene har hatt og har gode samarbeidsrelasjonar på ei rekkje område innan kultur, næring, arbeid og ein sterk felles nærbutikk. Mange frå Uskedalen har arbeidet sitt på Herøysundet kompetansesenter og mange frå Herøysundet kjem dagleg til Uskedalen på jobb på Eidsvik skipsbyggeri eller på Kvinnherad Vekstbedrift.

Og i lang tid har det vore samarbeid mellom barnehagane i begge bygder der foreldre og born har kryssa grensene.

Utgreiinga frå rådmannen gjer framlegg om samling av dei 2 skulane frå 1. august 2015.

Av Ola Matti Mathisen